



Førde IL. Orientering.



Innbyding/PM til Romjulsløpet/Sunnfjordorienteringa 2020

Denne gongen inkluderer vi den endå meir tradisjonsrike Sunnfjordorienteringa som skulle vore avvikla i mai, men måtte avlysast av Konona-omsyn. Sunnfjordorienteringa har vore avvikla kvart år sidan 1963.

Dato: 2. Juledag dvs. 26. desember 2020. Koronatiltak: Vi følgjer NOF og FHI sine retningslinjer.



Tid: Første start ca. kl 12.00. (fri start, men jamfør punktet om påmelding nedanfor)

Frammøtestad: Masdalen skianlegg, Sundsdalen (merka frå RV39 på Sunde). NB! Om fare for stort snøfall i Masdalen blir løpet flytta til Skjervane 2 km frå Moskog mot Holsen. Eventuell avgjer om dette blir teke om morgonen 23.desember.

PM: Flott og lettløpt terreng. Myrane er truleg delvis frosne løpsdagen, isen er ikkje trygg på vatn og pyttar. Ganske flate løyper. Kort veg (ca 100 m) til start.

Påmelding på **Eventor**. Vi oppfordrar til påmelding på Eventor slik at vi lettare kan ivareta smittevernomsyn. Dersom det blir stor påmelding må vi kanskje sette opp startlister.



Påmeldingsavgift: Kr 50,- Betal gjerne med **Vipps:103618**



Spesiell postdetalj.

Løyper: To A- løyper: ca 4,0 km og 2,6 km. Ei C løype på 1,6 km.

Forenkla klasseinndeling: Herre og dameklasse i alle tre løypene dvs 6 klassar. Enkel premiering.

Kart: Utskrift av Digernesvatnet M: 1. 7 500. Revidert 2020.

Ingen servering: Vi set opp bålpanne slik at kvar enkelt kan grille medbrakt..

NB! Hugs å halde avstand



Vel møtt til triveleg O-løp.

Løpsleiar: Knut Even Hole. Løypeleggjar Helge Schei.